

— Lagsblad —

Nr. 8

November 1926

9. aaret

PROLOG

til

Norsk marknad i Bondeungdomslaget 1926

Me no samlast
her i kveld,
det er marknad
og me gled oss
for me hev det
slik paa stell,
at me heve
lukka med oss.
Denne lukka
ho er stor,
ho set maalet
hennar mor
høgt i vyrdnad,
høgt i æra,
ho kann lyfta,
ho kann bera
fram til fagnad
paa vaar jord.

Tidt so kjem der myrke skuggar,
daa dei trøytnar vaare tankar,
men so att kjem ljose gluggar,
daa paa nytt av sæla bankar
ungdomshjarta i vaar bringa,
ungdomsgleda fram seg tvingar.
Livsens tankar, livsens meining,
livsens lov dei stend i eining:
Det me fekk me og lyt gjeva
skal vaart Noreg kunna leva
som eit fagert land i nord.

Vida kann ein ungdom reika,
vidt ikring der draumen dreg han,
mot det løynde lengten peikar;
men ein dag so rart det tek han: --
Tankar vaknar og han grunner,
minni kjem um heimsens lundar,
minni kjem fraa fedrajord,
kjem som helsing fraa ho mor,
kjem som gode raad fraa far,
han som stellte vel sin gard,
han som visste kva som gagna
best for deg i livsens lagnad.

Er du ut paa viddi teken?
Sjaa deg fyre. Det er sandt,
mykje gjævt og gildt du fann
naar av godt du fyrst var dregen.
Du i livsens skule gjekk,
der du lærde mang ei lekse,
kann du den? So lat det veksa
fram, det gode som du fekk.
Det er gildt aa kunna drøyma
naar ein ikkje gjeng so langt
at ein tykjer rett er rangt
og med vilje heimen gløymer. -- --
Var han liten, veik og arm,
likevel eit fagert minne.
Fatig heim hev rike barn,
eig dei elsk til heim der inne.

Her i laget er so gildt,
her me norskdomstanken kjenner,
den skal lysa, varma mildt
so me glod i hjarto kjenner.
Den skal traust oss saman binna,
den skal ungdomshugen vinna.
Den skal reise upp fraa gruset
fedraheimen, fedrahuset.

Lenge laag vaart land i myrker,
ingen gav den norske bonde
takk og æra for hans yrke,
for all sveite som hev runne
i hans strid i tru paa saki,
og for alle tunge taki.
Framandveldet slik det laga:
Snobberi vart landeplaga.

Men no ljosnar det so blidt,
glade me no heimatt skundar
til oss sjølv, til heimsens lundar,
der som fedrane so tidt
hadde det so fritt i gaman,
og med truskap heldt dei saman.
Dei den tunge bør fekk bera.
Sjølve lyt me mykje læra,
og i kjærleik, von og tru
fraa deim til oss no byggja bru.

Lat so elsk i hjarto brenna,
glade vil me heim att senda
takk og helsing til den stad
der me song vaart barnekvad.

Sterk er grunnen,
gamall tufti,
fjelli stig mot
blaae lufti.
Skogen susar,
fossen syng,
fuglar kvidrar
uppatt yngjer
kvart eit minne,
so i fagnad
du maa finne
livsens lagnad.

Lat oss difor glade vera,
me skal Noregs merke bera.
Lagnaden so mangt oss gav.
Livet, det hev store krav.

Alle fekk me her vaart pund,
det me vel lyt vara.
Lat oss so paa trygge grunn
ut i livet fara.

Karl Myhre.

Eit gamalt norsk handarbeid i moderne stil.

„*Firfletting*“ heiter ei vakkert utstyrt handarbeidsbok som lærarinna ved Den kvinnelege industriskule i Oslo, frk. *Rikke Bang* har gjeve ut paa J. W. Cappelens forslag. Det er den fyrste av ein serie handarbeidsbøker som forlaget etterkvart vil senda ut med *Halfdan Arneberg* til redaktør.

Firfletting er eit gamalt norsk handarbeid som skulde ha dei beste vilkaar for aa koma til heider og ære att i heimane. Det er morosamt og lett aa faa til, og det er ingen vanske aa laga nye mynstar etter som ein har personleg smak til. *Firfletting* kan nyttast til pryd paa pyntehandklæde, gardinor, lampeskjærmar, sofaputor o. s. b. Det har den store fyremunen at ein kan laga det soleis som den moderne smaken krev det baade i bygd og by. I boka er det 20 vakre og greide mynstertavlor, og ho gjev grundig rettleiding um arbeidet og framgangsmaaten.

Me vil raada til at saumarlaget og alle lagsgjentar kjøper denne boka.

Marknaden.

Overskotet ved Norsk Marknad vert umlag kr. 2500,00.

I so skrale tider, daa det er so mange og store krav maa ein segja at marknaden har vore sers vellukka.

Alle sender me marknadsnemndi vår beste takk for godt og velgjort arbeid.

Tjuge fingrar i same fanget.

*Tjuge fingrar i same fanget, — —
dei ti er lubne, — men dei ti er smaa . . .
— Tjuge, det er i grunnen mange,
men desse er eitt kann du daa vel sjå —!*

*— Sjå kor vårt dei kvarandre kjæler, — —
det er som skapar dei ein rytme mild . . .
Syner i samspêlet at dei sæl er,
— for slik taktar kjensla ein rytme til . . .*

MIKAL R.



To fote-par under same bordet.

*To fote-par under same bordet —
og b e er umlag tjuge  r — —
— Eitt par er sm e og hitt er store,
men sj  kor tett dei i firkant st r —!*

*— Eg st r som fjetra og finn 'kje ordet,
men kjensla ho vil so vida g :
— To fote-par under same bordet — —
og b e st r dei i firkant, — sj  —!*

MIKAL R.



Marknaden

som vara ti dagar er no slutt. Mange gilde stunder fekk me desse kveldar i laget, og trass dei tronge tider so var det bra frammøte kvar kveld. Spellaget hadde i aar eit stort arbeid, og det skal segjast, at dei gjentor og gutar som er med i spellaget, dei har somen ikkje lege paa latsida. Formannen i styret for spellaget, *Kornelius Meland*, skal ha ei sers takk for alt sitt strev med dei ymse spelstykke. Ikkje mindre enn 4 spelstykke vart innøvt, og alle dei som var med aa spela maa ein segja gjorde det godt. „Fjelleventyret“ av Bjerregaard gjorde stor lukka, og ikkje mindre lukka gjorde „Kallen og Kona paa Sandvoll“ av Hoprekstad. Her spela dei alle ypperligt, og Johs Hatteland som „Kallen paa Sandvoll“ er noko av det beste me har sett paa tilet her i laget. „Sovande Sorg“ av Hulda Garborg vart og spela framifraa. Det stykke som gjorde minst av seg var vel „Friarsjau“ av Thu. Fyrste framsyninga var det ikkje mykje om. Den som her gjorde noko utav det, det var Anders Løvik; hadde ikkje han vore med her so hadde det vore fæl-lande skralt med denne framsyninga. Av dei andre som var med og spela kan me og nemna Anna Vaaland, som gjorde sitt til at ikkje „Friarsjau“ vart fjasko. — Stykket vart spela eingong seinare, og det var lett aa merka at de, var retta paa mykje av det som rangt var.

Paa litlesalen, der kunde ein desse kveldar marknaden stod paa finna fleire av dei gamle svorne sveinkallar, ihuga med børsa i hand og skjota, fra kl. $\frac{1}{2}$ 7 til 12 i von um aa faa noko av alt det vene handarbeid saumarlaget hadde sauma til marknaden. Stangeland hadde ikkje mindre enn 2000 luter, Nærheim 1600, Alfred 1200, Bjørnø 1200, Idsø 1180, og mange hadde fraa 500 til 1000 luter. So kom daa dagen daa vinstane skulde spreidast til dei faa lukkelege. No skulde ein mest tru at det var uraad

ikkje aa vinna, naar ein hadde burt imot 15 a 1600 luter. Men kva hender, jau fleire av desse som hadde tusund av luter dei fekk ingen ting og mange som berre hadde nokre faa nr. drog avstad med store gilde vinstar. So det er nok sanning dette at lukka ho er ikkje vande paa folk. Sjølv hadde eg ei god bunke med luter og jamen fekk eg den finaste kaffiduken og den finaste sofaputa. So no kan eg syngja det kjendte verse „Du skal faa syltety og du skal faa lade, du skal faa kvila paa sofaputa mi.“ Ein annan sveinkall fekk seg heile 5 vinstar og millom desse ei flettande fin og gild dokka. Sofus han var so heppen aa vinna ho „Hjørdis“, og Alfred fekk den kaffeduken som kona hans hadde sauma til marknaden. Idsø fekk kaffistell og Vestbø ein serviett. —

Var det mykje arbeid og stræv med marknaden, so var det daa gilde dagar den tid det vara, og marknadsnemndi skal ha vaar beste takk for godt og traust arbeid; me fær og vona at det vert eit bra økonomisk overskot.

Løysing paa firkantgaata

i fyre nr. av lagsbladet.

V	A	L	B	O	R	G
J	O	H	A	N	N	A
L	A	R	S	I	N	E
B	A	S	T	I	A	N
S	E	S	I	L	I	E
S	U	S	A	N	N	A
S	Ø	N	N	Ø	V	E

Er det nokon av lagsfolket som har nokre smaa eller store krossordsgaator, so send dei lil *lagsbladet*.

Idag tek me med i bladet ein liten krossordsgåte. Me lovar ut kr. 5,00 til han eller ho som sender inn rett løysing. Skulde fleire ha rett løysing vert det lutkasting. *Svari maa vera kome til bladet innan 10. desember.*

1			11			12		13
	■	■		■	■		■	■
	■	■		14	■		■	■
2			■	5		■	8	
	■	■	15	■		■	17	■
	■	6			■	9		■
	■	■		■	16	■		■
3			■	7		■	10	
	■	■	18	■		■	19	■
	■	■		■	■		■	■
4								

Loddbeint.

1. Heile namnet paa ei lagsgjenta
11. Gjentenamn
12. Gardsnamn i Hjelmeland
13. Heile namnet paa ein lagsmann
14. Gardsnamn i Høyland
15. Gutanamn
16. —, —
17. Gjentenamn
18. Godt aa ha ein god —
19. Gardsnamn i Høgsfjord

Vassbeint.

1. Heile namnet paa ein lagsmann
2. Gardsnamn i Bokn
3. Lagsmann fraa Hetland
4. Heile namnet paa ei lagsgjenta
5. Gjentenamn
6. Gutanamn
7. Noko alle lagsfolk har eller har havt
8. Bygd i Hallingdal
9. Gjentenamn
10. Gift lagsmann



Fraa styremøte 23. novbr. 1926.

Fyre var:

1. Saklista for desember
 - ²/₁₂: Fyredrag av distriktschef *Just Broch*. Emne: Bjørnstjerne Bjørnson. *Ingv. Ingebretsen* syng Bjørnsonsongar.
 - ⁹/₁₂: Fyredrag av biskop *Petersen*. Emne: Martin Luther. Song av songarlaget.
 - ¹⁶/₁₂: Musikk, stutt fyredrag, opplesing Bondeguten.
 - ¹⁹/₁₂: Joletrefest. Styret er nemnd.
 - ³¹/₁₂: Nyaarsfest. — Nemnd: Signy Molaug, Bergit Aspelund, Brita Iversen, Tora Vignes, Margit Røed, Gudrun Osmundsen, Lars Bø, Torgils Kvandal, Ole Roth og Trygve Idsøe.
2. Styret gjer framlegg um aa ha ei tilstelling (saman med Stavanger maallag) i Teatret til bate for fatige til jol. Nemnd: Kristian Bærheim, Ingeleiv Eikeland og Sølga Talgøy saman med 3 valde fraa Stavanger maallag.
3. Desse vart godkjende til upptaking: Per Thorson, Helga Baardsen, Marie Tønnesen, Gausland, Johanna Johnsen, Astri Espevold, Kaia Fatland og Østinius N. Ormø.

Stavanger maallag og Bondeungdomslaget

vil sundag 12. desember skipa til ei stor tilstelling i *Teatret* til bate for Foreningen til fattige barns beklædning. Me bed hermed lemer av Maallaget og Bondeungdomslaget gjera dette godt kjent, og at dei syter for aa faa mange med i Teatret sundag 12. desember kl. 8½. Som alle veit har det synt seg ved slike tilstellingar her i laget at huset har vorte for lite, og naar no Bondeungdomslaget

og Maallaget vaagar til aa leiga Teatret, so lat me og visa at me kan fylla huset ogso her. Program kjem seinare i bladi.

*

Som nemnd til denne tilstellinga har Maallaget peika ut lærar Tveito, lærar Goa og kjøpmann Sophus Thomsen.

Neste nr. av Lagsbladet

kjem um 14 dagar. — Me vil beda lagsfolk vera gilde aa senda bladmat so me ogso i aar kan faa eit stort og godt blad til jøl. Dryg ikkje med aa senda noko, send det *i dag*.



ALT I BØKER
ALT I PAPIR
OG SKOLEMATERIEL

FAAES I

K. OPSANGERS BOKH.
KIRKEGATEN 11 - STAVANGER



RØKEARTIKLER

bør kjøpes i en specialforretning

Vi har det største utvalg
og prisene er rimelige

HAVANA MAGASINET A/S
Kirkegaten 1

Forlang

BILHOLDEPLASSEN
NÆRSTRANDSGATEN 35

Telefon 1920

Lave takster *K. Tunland.*

Faner og

Teaterkuliser

Bernh. Holgersen

Malerforretning - Kongsgt. 24

Livstrygdelaget Andvake.

(Noreg — island)

Alle slag livstrygding, gode vilkår. Andvake nyttar berre norsken i alt arbeid, og styd gode noksmålstiltak. Ålvorlege målfolk kjem difor meir og meir til det at det er til bate for både dei sjølve og saki deira å ta trygdingane sine i

Andvake.

Agentar i Stavanger:

*Gunhild Bjerkreim, Lars Bjørheim,
T. Goa, Alfred Løvik, Magnus Våge.*

Matstova og Kaffistovorne

til BONDELINGDOMSLAGET

*er rette staden for tilreisande og fastbuande
som vil stetta svolten eller kvila ei stund*

GILDASTE STOVONE I BYEN

*Ingen presenter
pryder og pynter
som blomster fra
Blomsterballen*

Alf Solheim

Østervaag 18

PAPIRFORRETNING
RAMMEVERKSTED

PETROLEUMSLAMPER
STENTØI & GLAS
I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.



S. GITLESEN

:: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::



MASKIN- HUSET

(Inneh. Thorvald Veire)
Bredgaten 9



Presanger! Bryllupsgaver!

Alle slags SØLVSKEER og GAFLER,
moderne mønster samt
FORLOVELSESRINGE i største utvalg
(MALJER og NAALER til nasjonalbunad)

GULDSMED M. SOMA

ARNEAKEREN TELEFON 765

GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hja meg

Løna med fleire medaljor

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon
727 k

J. L. Tiedemanns Tobakstfabriks

kommissionslager i Stavanger

*Stadig paa lager
de mest anerkjendte merker i
Cigaretter og Tobak*

J. Bjørgo - Ø. Holmegata 15
Benyt telefon 1093.

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og
Fedevarerforretning**

R. G. Klovning

Breidgata 20 ∴ ∴ ∴ ∴

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

- SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

MERK!

*Største og fineste utvalg i ram-
melister, ovale gullspeiler og rammer
Innramning av bilder*

M. ANDREASSENS

RAMMEFORR. OG KUNSTHANDEL

Ø. Holmegt. 25

Telefon 1469

BRØDRENE MAG

Nygaten 48

∴∴∴

Telefon . 937
Butikken . 3083

**Malervare- og
jernvareforretning**

Telefon 102

A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

OLAV HAMRE

Telefon 3440 NYTORGET Telefon 3440

*Cigaretter og cigarar
en gros*

Tobakk - Piper

ALLT I SJOKOLADE - DROPS
STORT UTVAL I FRUKT

TIME

Jonas Jørstads BOKHANDEL

Stort lager av nyare og eldre litteratur.
Tingingar til boksamlingar og leselag
vert sytt for fort og greitt ∴∴∴ ∴∴∴ ∴∴∴

Fotografiske artiklar

Musikvarer